

## Krev strakstiltak på E39 Nordhordlandsbrua – Vågsbotn

**Dei trafikale utfordringane på E39 mellom Nordhordlandsbrua og Vågsbotn er så store at strakstiltak må setjast i verk. Statens vegvesen blir beden om å prioritere tiltak omgåande for å betra framkoma på denne vegstrekka som er bindeleddet mellom Bergen og Nordhordland.**

Høgrelaga har saman med eit stort politisk fleirtall i Nordhordlandskommunane arbeidd i fleire tiår for å realisere E39 Nordhordlandsbrua - Vågsbotn (tidlegare kalla Nyborgtunnelen). Det er gledeleg at det i Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 er løyvd planmidlar til dette prosjektet i første planperiode, og vi forventar byggjestart så snart som praktisk mogleg.

Sjølv om planmidlane no er på plass, vil det ta fleire år før eit nytt vefsamband med naudsynt kapasitet mellom Nordhordlandsbrua og Vågsbotn er realisert.

Det er i dag kraftig vekst, både i folketal og næringsverksemd, i både Åsane og Nordhordland. Noverande E39 over Hylke er ikkje dimensjonert for dagens trafikk på om lag 24 000 ÅDT, og har på ingen måte kapasitet for å ta unna veksten som kjem. Difor må det gjerast strakstiltak for å betra framkoma og tryggleiken på denne vegstrekka. Det er eit faktum at dei trafikale utfordringane på E39 Nordhordlandsbrua – Vågsbotn er ei stor og stadig aukande utfordring for næringslivet og kollektivtransprten/pendlarar.

For knappe tre år sidan blei Eikåstunnelen opna. Målet var å etablere betre og sikrare trafikkflyt. Det har ikkje skjedd. Dei ulike trafikkløysingane som er vald rundt Eikåstunnelen skaper store køar og trafikkfarlege situasjonar. Fleire ulukker har skjedd, og det er grunn til å frykte at meir alvorlege trafikkkulukker skal skje. Vi opplever situasjonen i dag som uhaldbar, både med omsyn til trafikkframkome og tryggleik.

Inntil eit nytt og framtidsretta vefsamband mellom Nordhordlandsbrua og Eikåstunnelen er etablert, er det heilt naudsynt med strakstiltak for å betra på denne situasjonen.

Det vil vere naturleg at Statens vegvesen blir invitert til neste møte i fellesnemnda for den nye Alver kommune for å gjere greie for kva konkrete planar dei har for å betra på situasjonen. Som representantar frå Høgre er vi svært tydeleg på at vi forventar at Statens vegvesen straks prioriterer tiltak for å betra på framkoma og tryggleiken på denne svært viktige vegstrekka.

Med helsing

Karl Vågstøl

Gruppeleiar Lindås Høgre

Kenneth Murberg

Gruppeleiar Radøy Høgre

Nils Marton Aadland

Gruppeleiar Meland Høgre